

# **TRYGG HEIME**

## **Samarbeidsavtale mellom helse og omsorgseininga og brann og redningstenesta i Kvam herad om sams branngerntiltak for heimebuande risikoutsette grupper**

**Hovudmålsetjinga med avtalen er at tilsette i helse og omsorg, som yter teneste til brukarar i Kvam herad, saman med brann og redningstenesta skal medverka til at færrest mogeleg misser livet som fylgje av brann.**

Dette vil me oppnå gjennom:

- Kartlegging av brukarar som av ulike grunnar ikkje sjølv maktar å ta hand om eigen tryggleik eller som har ei framferd som medfører risiko for brann.
- Medverka til at naudsynlege brannførebyggjande tiltak vert gjennomført.
- Medverka til at kommunal bustad er tilpassa brukar sitt funksjonsnivå med omsyn til branngryggleik.

### **Avtalen skal:**

- sikra eit varig samarbeid mellom helse og omsorgseininga og brann og redningstenesta om brannrelaterte oppgåver heime hjå menneske som tilhører ei risikoutsett gruppe.
- medverka til auka kompetanse på branngvern hjå tilsette i helse og omsorg, og hjå brukarar av helse og omsorgstenesta.
- syta for at eldre, som ynskjer det, kan bu lengre heime i eigen bustad.

### **Avtalen gjeld:**

Frå tidspunktet han er underskriven og i to -2- år. Partane skal då evaluera avtalen, som elles automatisk vil verta forlenga for 2 nye år om gongen, dersom ikkje ein av partane seier han opp.

### **Bakgrunn:**

Brannstatistikken viser at tre av fire personar som misser livet i brann tilhører ei såkalla risikoutsatt gruppe. Ni av ti i desse risiko-gruppene misser livet heime, i eigen bustad. Om lag 50 % av desse var mottakarar av tenester frå kommunen i heimen.

I NOU 2012: 4 *Trygg hjemme brannsikkerhet for utsatte grupper*, vart det føreslege både ei forsterking av verkemiddel og at nye vart tekne i bruk, for å stykja branngryggleiken for grupper som har høgare risiko for å missa livet i brann.

*Forskrift om brannforebygging* av 17.12.2015 seier at kommunen mellom anna skal «kartleggja utsette grupper i kommunen som har ein særleg risiko for å missa livet i eller verta skada i brann» og vidare «motivera og samarbeida med aktuelle aktørar for at dei skal bidra til redusera sannsynet for og fylgjene av ein brann» Dette er nye formuleringar som inneber samarbeidsplikt internt mellom ulike kommunale tenesteytarar. Døme på eit slikt samarbeid, nemnt i kommentaren til forskrifa, er samarbeid mellom brann- og redningsvesenet og helse- og omsorgssektoren i kommunen.

*Dette samarbeidet er avgjerande for å nå målsetjinga om at ingen skal missa livet i brann!*

Hersedirektoratet og direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har gjeve ut ein rettleiar til hjelp i dette samarbeidet: *Samarbeid mellom kommunale tjenesteytare om brannsikkerhet for risikoutsatte grupper*.

#### **Ansvar:**

I tråd med brann og eksplosjonsvernlova har eigar ansvar for at branngryggleik i bygningen/bustaden er tilfredsstillande. Eigar kan vera privat eller Kvam herad.

Dette ansvaret inneber å ha kunnskap om krava til branngryggleik som gjeld for bygningen, syta for kontroll av bygningsdelar og tryggleiksinnstallasjonar, syta for at fyringsanlegg verkar som forutsett og for eldres bygningar syta for naudsynleg oppgradering av tryggleiksnivået.

Brukars/leigetakars pliktar å bruka bustaden i samsvar med krava til branngryggleik som gjeld.

Dette inneber å unngå unødig risiko for brann, syta for gode rømingstilhøve som til eikvar tid sikrar rask og sikker røming, melda frå til eigar om endring, forfall og skader på bygning eller sikringstiltak mot brann og dersom branngryggleiken er/vert monaleg redusert, gjennomføra ekstraordinære tiltak.

Helsepersonell har rett til å gje opplysningar vidare «når tungtveiende private eller offentlige interesser gjør det rettmessig å gi opplysningene videre», helsepersonellova § 23 nr 4, og plikt til å «varsle politi og brannvesen dersom dette er nødvendig for å avverge alvorlig skade på person eller eiendom», helsepersonellova § 31.

Ein tilsett i helse og omsorg som yter heime-tenester, kan ikkje stillast til ansvar for mogleg avvik/feil/manglar som er oversett og det vert brann hjå brukar.

Oppgåve	Ansvarleg	Gjennomføring
Ny brukar - primærvurdering	Gruppeleiar PLO -ROP	Vurdera om brukar sjølv kan ta hand om eigen tryggleik, maktar å evakuera på eige hand eller faktisk sjølv kan vera årsak til brann. Vurderinga må vera basert på kjennskap til brukar og til bustaden, og gje svar på om brannverntiltak skal setjast i verk.
Ny brukar – varsel om innleiande kartleggjing.	Sakshandsamar/gruppeleiar/ PLO -ROP	På bakgrunn av primærvurderinga, heimebesøk der brukar må gje samtykkje til kartleggjingga. I tillegg skal varsel sendast nærmast pårørande og/eller eigar.

Innleiande kartlegging heime hjå ny brukar	Personell frå heimetenesta og rus/psykisk helse saman med brann og redningstenesta	Bruk av utarbeidd særskild sjekkliste for primærbesøket. For kommunale bustader vert representant frå FDV bygg kalla inn som eigar. For private, næreste pårørande og/eller eigar. Rapport vert utarbeidd av brann og redning
Utsending av rapport, registrering i Gerica (pasientjournal)	Gruppe-/avdelingsleiar	Stab og forvaltarkontor
Opplæring av tilsette i helse og omsorg	Næraste leiar	Brann og redning etter avtale.
Vurdering av tryggleiken heime hjå brukar.	Gruppe-/avdelingsleiar. Utført av personell frå heimetenesta og rus/psykisk helse.	Nyttar sjekkliste. Årleg eller ved endra helsetilstand hjå brukar eller endra butilhøve.  - Brann og redning vil normalt ha ein støttefunksjon, men kan spørjast om å delta der det måtte vera trøng for det.
Registrering av tryggleikssjekken i Gerica (pasientjournal)	Gruppe-/avdelingsleiar	Stab og forvaltarkontor
Oppfylgjing av avvik, feil/manglar som vert avdekka under tryggleikssjekken.	Gruppe-/avdelingsleiar i helse og omsorg - om mogleg i samarbeid med brukar. Eigar og/eller pårørande etter melding frå kommunen.	Kontinuerleg.  Brann og redning vert kontakta dersom det er trøng for rettleiing og eventuelt fagleg hjelp. T.d. gjennom eit oppfylgjande heimebesøk.
Bekymringsmelding. Registrera og fylgja opp	Personell frå heimetenesta og rus/psykisk helse. Gruppe-/avdelingsleiar.	Bekymringsmeldinga vert send brann og redning, og saman vert tiltak vurdert.
Installasjon av hjelpemiddel/tryggleiksutstyr.	Gruppe-/avdelingsleiar	Kontinuerleg vurdering. Meldast inn til hjelpemiddellager, eller søknad til NAV/hjelpemiddelsentral.

Dato:.....

.....  
Åslaug Bøhn Botnen  
Helse og omsorgssjef  
Kvam herad

.....  
Bjørn Johansen  
Brannsjef  
Kvam brann og redningsteneste